



BORE KYRKJE

SETT - FAMNA - UTFORDRA

Møteprotokoll

Råd: Bore sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: 30.04.2024
Tid: kl. 19:00

Følgjande møte:

Elisabeth Kvamsøe Jørgensen
Hilde Eikeland
Ivan Fjeld
Junhild Voll Frøyshov
Marita Midtun Finstad
Terje Skår
Torunn Renate Bore
Dan Egil Skrikrud
Gunnar Thorset

Rolle

Medlem
Andre
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Leiar
Vara
Vara

Varamedlem

Forfall

Åsmund Steinnes

Sakliste**Sak nr.****Sakstittel**

24/017	Godkjenning av innkalling
24/018	Godkjenning av referat
24/019	Trusopplæring, besøk av menighetspedagog
24/020	Samtale om arbeidet, april
24/021	Informasjon frå og til fellesrådet
24/022	Jubileumsbok
24/023	Invitasjon til Regnbueparade
24/024	Kirka Vår - Teams samling
24/025	Offerplan haust 2024
24/026	Møtedatoar haust 2024
24/027	Eventuelt april

24/017 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:

Innkalling blir godkjent.

BS - 24/017 Vedtak:

Innkalling godkjent.

24/018 Godkjenning av referat

Forslag til vedtak:

Referat fra forrige møte godkjennes.

BS - 24/018 Vedtak:

Referat fra forrige møte godkjent.

24/019 Trusopplæring, besøk av menighetspedagog

Forslag til vedtak:

Soknerådet samtalar og gjer vedtak i møtet

Saksgjennomgang:

Solfrid fortel litt om korlis ho trivst og at ho opplever det lettare å få med seg frivillige, og at ho no har jobba så lenge at mange kjenner ho. Soknerådet roser Solfrid for jobben ho gjern og måten ho gjer dette på.

Me har rekorstort oppmøte på mange av trusopplæringstiltaka våre.

Ny skule; Ca 1/4 av elevane frå Bore flyttar til ny skule som då får elevar frå 2 sokn. Viktig å jobba tett med Klepp for å få det til å fungera. Me har laga nokre strategiar, men må nok prøva oss litt fram. Må jobba for å skapa tilhørighet til Bore kyrkje for desse elevane. Klepp har og tiltak på eit par trinn kor Bore pr no ikkje har opplegg.

BS - 24/019 Vedtak:

Soknerådet takkar Solfrid for den god jobben ho gjer, og tek saka til orientering.

24/020 Samtale om arbeidet, april

Forslag til vedtak:

1 – 6 og 8 soknerådet samtalar og gjer vedtak i møte.

7. Soknerådet delegerer til leiar i SR saman med dagleg leiar, tillitsvalt og kyrkjevevje å intervju og tilsette ungdomsarbeidar i prosjektstilling.

Saksgjennomgang:

1. **Menighetsweekend;** Eit par personar har meldt seg, ventar avklaring fra fleire innan kort tid.
2. **Brosjyre;** DL jobbar vidare med brosjyra etter innspel frå sokneråd i møte. Vertar deler ut til dei som vil ha når dei kjem og utfylde lappar leveres til Ivan etter gudstenesta.
3. **Inspirasjonssamling for Bore menighet;** Det vert invitert til "Gjestebud" 2.juni kl 19 i Ysteriet. DL lagar arrangement med påmelding. Alle tek med mat til felles bord. Junhild held i dette, og Elisabeth jobbar med musikalsk innslag. SR garanterer for leigeutgifter på kr 2000,- ,men tek opp Vipps offer og totalsum vert gitt til Ysteriet som betaling.
Soknerådet er positive til å arrangera *Damenes aften* og *Mennenes aften* i løpet av året - kanskje det er ein ide til ein kyrkjestove komite.
SR er positive til førestilling el. i samband med jubileet i 2025.
- 4.**Bispevisitas:** Ivan tek med forslag om prosjektkor inn i planlegginga av visitasgudstenesta.
- 5.**Diakoniutvalget;** Utsett til neste møte
- 6.**Misjon;** Inspirasjon/misjonstur – positiv stemning. Junhild sjekkar litt meir.
- 7.**Ungdomsarbeidarstillinga;** Ligg no ute på heimesida, og vert lagt ut på NAV.no. Det er viktig at alle tenker gjennom aktuelle kandidatar og tipsar dei om å søke. AU ønsker at leiar i SR saman med dagleg leiar, tillitsvalt og kyrkjevevje kan intervju og tilsette.
8. **Saker frå Årsmøtet:** AU har gått gjennom alle innspela, og plukka ut nokre som rådet kan sjå på.
Ekteskapskurs: SR er positive til å tilby kurset «Å bli ett» for dei som gifter seg i Bore kyrkje. Junhild vil sjekkar kor mange sertifiserte par me har.
Alpha kurs: Me arrangerer kurs frå januar 2025. DL utfordrar dei som vart foreslått til å styre dette.
Korleis skape meir fellesskap; tema på weekend.

BS - 24/020 Vedtak:

- 1, 2, 4, 5 og 6. Soknerådet tek sakene til etterretning
3. Soknerådet arrangerer "Gjestebud" 2.juni på Ysteriet.
7. Soknerådet delegerer til leiar i SR saman med dagleg leiar, tillitsvalt og kyrkjevevje å intervju og tilsette ungdomsarbeidar i prosjektstilling.
8. Menigheten arrangerer Alpha kurs frå januar 2025.

24/021 Informasjon frå og til fellesrådet

Forslag til vedtak:

Soknerådet samtalar og gjer vedtak i møtet

Saksgjennomgang:

Vaktmeister team: Terje har utfordra 3 personar, DL sender info vidare til kyrkjeverja.

Innspel til investeringsbudsjett: Ingen innspel pr no, men det kjem ei sak til soknerådet ang teknikk seinare i vår.

Ny kyrkjestove: Me må ha ein komité som kan jobba med å skapa engasjement for ny kyrkjestove. Alle tenker og ber over dette til neste møte.

BS - 24/021 Vedtak:

Soknerådet tek saka til etterretning.

24/022 Jubileumsbok

Forslag til vedtak:

Soknerådet samtalar og gjer vedtak i møte.

BS - 24/022 Vedtak:

Soknerådet delegerer til Torunn Renate og Åsmund, saman med illustrasjons- og tekstgruppa å avgjere prosessen med jubileumsboka vidare.

24/023 Invitasjon til Regnbueparade

Forslag til vedtak:

Bore sokneråd stiller ikkje med parole i toget, men oppmuntrar likevel sine medlemmar til å engasjera seg i samfunnet, til å ta del i politisk arbeid, gå i tog og kjempa for sine saker lokalt og globalt.

BS - 24/023 Vedtak:

Bore sokneråd stiller ikkje med parole i toget, men oppmuntrar likevel sine medlemmar til å engasjera seg i samfunnet, til å ta del i politisk arbeid, gå i tog og kjempa for sine saker lokalt og globalt.

24/024 Kirka Vår - Teams samling**Forslag til vedtak:**

Soknerådet møter kl 17.30 tysdag 4.juni, og deltek på Teams samling ang Kirka Vår. Rådet lagar ein plan for vidare arbeid med *Kirka Vår*.

BS - 24/024 Vedtak:

Soknerådet møter kl 17.30 tysdag 4.juni, og deltek på Teams samling ang Kirka Vår. Rådet lagar ein plan for vidare arbeid med *Kirka Vår*.

24/025 Offerplan haust 2024**Forslag til vedtak:**

Bore sokneråd godkjenner offerplanen for hausten 2024.

BS - 24/025 Vedtak:

Bore sokneråd godkjenner offerplanen for hausten 2024.

24/026 Møtedatoar haust 2024

Forslag til vedtak:

Møtedatoar for Bore sokneråd hausten 2024:

27.august kl 19.00
19.september kl 18, felles med Klepp og Orre i samband med Bispevisitas.
15.oktober kl 19.00
12.november kl 19.00
10.desember kl 19.00

BS - 24/026 Vedtak:

Møtedatoar for Bore sokneråd hausten 2024:

27.august kl 19.00
19.september kl 17.30, felles med Klepp og Orre i samband med Bispevisitas. Stad;
Orre.
15.oktober kl 19.00
12.november kl 19.00
10.desember kl 19.00

24/027 Eventuelt april

Forslag til vedtak:

Ikkje noko forslag til vedtak.

BS - 24/027 Vedtak:

Ingen saker vart meldt til eventuelt.